

# Kor er det skeive hjørnet?

Birger Angvik

Dess rarare og galnare skjønnlitteraturen vert, dess meir den kjem fram i absurde, perverse, "uforstålege" og utfordrande tekstar, dess oftare må me stille spørsmålet: Kan litteraturteori og -kritikk nokon gong komme opp på nivå med litteraturen og bli like absurd, pervers og rar? Kor er det skeive hjørnet, der me med store augo og raske penner kan verte like perverse som sjølve den litteraturen me skal tale og skrive om? Sigmund Freud skreiv teoriar om polymorf perversitet, om dei seksuelle perversjonane og om dei perverse i boka si frå 1905. Men når han skulle tale om litteratur, vere litteraturkritikar, så tok han døma sine frå antikken, *Odipus Rex*, frå Renessansen, frå E.T.A. Hoffmann og Henrik Ibsen, eller frå kliniske tilfelle slike som Schreber. Og når han såg på dei, då var han ikkje alltid nyvinnande, men hamna som regel i humanistisk, positivistisk og empiristisk metode. Kvifor såg han ikkje på Arthur Rimbaud, Oscar Wilde, Thomas Mann, Robert Musil og andre skeive kunstnarar, også i teater, målarkunst og kulturlivet meir generelt? Og kvifor såg han ikkje nærare på samtida? Kvifor våga han ikkje å skrive opent, nyfikkent og undrande om samtidskunst og -litteratur? Har Freud-modellen, og tanken om at ting må komme på fråstand i tid før me kan tale og skrive om dei, vore (og er den) retningsgivande endå i dag? Slike spørsmål veks fram i møte med nokre bøker om homseteori og homsekritikk som har komme ut i England på 90-talet.

## No Sex Please, We Are British

Margareth Thatcher gjorde det ho kunne for å gjere livet surt og vanskeleg for soparar og flatsmeller, men Jarndama klarte ikkje å dra rota vekk under løvetenner: "Den Urt, der groer, jo meer den trædes".

Ho kan ha lagt ut terreng for dyrking av underlege blomar i eigen hage, for midt i dei vakre, konservative talane om besteborgarleg moral og tradisjonelle verdiar i Storbritannia, grodde det fram med sex-skandaler inne i sjølve sentrum av den konservative regjeringa. Me las med undring om den leiande kon-

servative politikaren som vart funnen heime på kjøkkenet på stortings-mannshybelen sin med svart hofteholder, lekre strømpeband og nylonstrømper. Han hadde ein plastpose over hovudet og han hadde vorte kvalt/hadde kvalt seg sjølv. i ein opphissande sex-leik! Det er ikkje mange homoar og lesber som kan stille opp mot slik pikant, konservativ og besteborgarleg perversjon!

Det måtte då vere sjølve den engelske skjønnlitteraturen som kunne klare å komme opp på det samme nivået. Knappt nokon nasjon i verda har produsert så mange underlege forfattarar, kunstnarar, skodespelarar og kunstverk som Storbritannia. Frå Chaucer til Shakespeare, frå Milton til Sterne, frå Emily Brontë til E.M. Forster, Lytton Strachey og Virginia Woolf, frå Wilfred Owen til Ronald Firbank og Christopher Isherwood, frå Radclyffe Hall til Jeanette Winterson, frå W.H. Auden til Benjamin Brittain og Lindsay Kemp, frå Derek Jarman til Joe Orton og Bruce Chatwin: Det yrer av perverst mangfald i kulturlivet der. Og engelsk litteraturteori og -kritikk har alltid vorte normal, alvorleg og respektabel, moralistisk og prippen framfor dette mangfaldet. Kritikken har skikkeleg fått problem med dette mangfaldet, og den har villa arbeide med hygieniske tiltak og med kirurgiske inngrep får å renske og skjære vekk "styggdommen" i dette mangfaldet. Før og no. I går og i dag. Kva kan gjerast?

I høve til det perverse mangfaldet kan det sjå ut som om teori og kritikk i Storbritannia i stor grad har vorte einfaldig og normal, normaliserande og moralistisk, elitistiske og eksklusive. Sidan omlag 1985, under påverknad frå m.a. *gay and lesbian studies* og *queer theory* i den angloamerikanske verda, har litteraturforskarar innafor English Studies i og utafor Storbritannia teke til å undre seg, stille spørsmål og freiste å formulere alternativ på emner som til dømes samekjønns-seksualitet og litteratur og kunst.

Ein av desse er Jonathan Dollimore, ved Universitetet i Sussex. Han har i all hovudsak vore oppteken av engelsk renessanselitteratur og -kultur, men så ser han ut til å ha hug til å utvida forskingsfeltet sitt, og i 1991 kom boka *Sexual Dissidence. Augustine to Wilde. Freud to Foucault*. Den innbyr oss til lesing på fylgjande vis:

I Blidah, Algeri, i januar 1895, er André Gide i resepsjonen på eit hotell, i ferd med å gå ut. Då fell augo hans på ei tavle der namna på nye hotellgjestar står oppført:

Og brått gjorde hjartet mitt eit hopp; dei to siste namna... var namna til Oscar Wilde og Lord Alfred Douglas.

Gide handlar impulsivt, stryk sitt eige namn frå lista og tek i veg til stasjonen. To gonger seinare i livet skriv Gide om denne hendinga og undrar seg på kvifor han drog i veg frå hotellet så brått (s.3. Mi omsetting).

Slik opnar boka til Dollimore i 1991 med André Gide sitt spørsmål frå 1901, som Gide tok opp att i sjølvbiografien sin i 1920/1926. Dollimore set seg så m.a. føre å gjere greie for årsakene til Gide si hastige reise frå hotellet i Blidah og gjev løfter om rike forteljingar om perverse greier.

På den eine sida vert innleiinga i boka pikant, interessant og appetitt-vekkande, med saftige detaljar og anekdoter om kvite, rike, vellykka, europeiske menn på kuk-og kultur-tur i Nord-Afrika (dei finn noko direkte, dyrisk og umiddelbart hjå menn der som dei ikkje finn heime); på den andre sida vert det ikkje heilt vellykka hjå Dollimore, fordi det er noko som manglar, noko som gjer at det opnar seg eit stort hol, og ikkje berre i tid, mellom 1895 og 1991. Og dette holet opnar seg på grunn av eit slags teoretisk tomrom i Dollimore sitt prosjekt, og det får heile framstillinga til å gje etter i grunnvollen, halte, bli ujamn, ende opp litt ufriviljug "skeivt", kan me seie, fordi han skriv seg inn i saftige sjølvmotseiingar, mellom då og no, mellom her og der, nett når han trur seg mest eintydig ssamanhengande og sikker i utleggingane.

#### Der og då. Her og no

Dollimore visste i 1991 at me måtte vere varsame med attoverføring av omgrep og termer utvikla i vår tid til tilstandar for og opplevingar mellom folk og personar i tidlegare tider. Han åtvarar då også mot slikt. Han tenkjer mellom anna på døma med omgrepa "homoseksualitet" og "homoseksuelle" som kom fram som kategoriar i siste halvdel av forrige hundreåret og som, difor, kanhende ikkje skal eller bør brukast om samme-kjønns-seksualitet før den tid. "Me" fannst som sodomittar før den tid, seier me, og homoar vart me omlag då Oscar Wilde vart stilt for retten i England. "Me" homsene kom til live idet desse termene kom i bruk og vart tekne inn i ordbøkene, så og seie.

Det same gjer seg gjeldande med kategoriar som "essensialisme" og "konstruktivism". I Dollimore sin bruksmåte vil han gjerne at Oscar Wilde (1856-1900) skal vere "anti-essensialist"/dvs. "konstruktivist" og at André Gide (1869-1951) skal vere "essensialist" – ut frå vår bruk av desse orda, her og no, etter alle diskusjonane me hadde i homo-miljøa på 80-talet. Referansar til denne motseiinga mellom Gide og Wilde kjem att som raude trådar gjennom heile boka (og den vert forlenga til motseiinga mellom Freud og Foucault). Men Dollimore vil også dra dette skiljet gjennom heile historia:

Eg har her [s. 4-18. Min merknad] understreka essensialismen hjå den eine og anti-essensialismen hjå den andre. Desse er skilde stiar, det skal vere sant og visst, for dei og for oss. Men som me skal sjå i seinare kapittel, så er dette stiar som vil løpe saman att og krysse kvarandre: Historisk, konseptuelt og røynslemessig. Som me skal sjå i seinare kapittel [i Dollimores bok. Min merknad], så kjem allehovudsakene i denne boka direkte eller indirekte fram frå møtet mellom dei to forfattarane i 1895 [s. 18. Mi omsetting].

Korleis kan Dollimore så foreine dette snevre perspektivet, formulert som binær motseiing her og no – med den store spennvidda i heile prosjektet sitt – og der og då?

#### Vert det spenning i slike kraftlinjer?

Spenna vert svært lange i Dollimore sine linjedragingar i historiske, litterære og teoretiske terreng: Frå Augustine til Wilde, og frå Freud til Foucault. Dette er lange linjer som Dollimore dreg opp i kulturterrenga. Kan ein "kraft-sentral" koordinere alle spenningane som strøymer frå og langs desse linjene? Dollimore reddar prosjektet sitt for seg sjølv med å hoppe frå det eine til det andre. Han hoppar frå problema som er nemnte ovanfor over i nye binære motseiingar mellom norm og avvik, kultur og subkultur, normalitet og perversjon. Brått gjer han perversjon til omformulert hovudsak i heile prosjektet sitt:

Dette prosjektet går attende til tidleg moderne tid for der ågrave fram perversjonens tapte historier, til og med dei teologiske forhistoriene om den seksuelt perverse sin hang til å bryte normer (s. 22. Mi omsetting).

Og her er det fleire problem. Dei "seksuelle perversjonane" og den "seksuelt perverse" er også historiske konstrukt som fekk sine kategoriseringar i seksologi, i kriminologi, i medisin og i psykoanalytisk tenking på slutten av forrige og byrjinga av vårt eige hundreår. Tidlegare har det også vist seg korleis mellom andre John Boswell (1980) vert dømte på kor vanskeleg det vert med "modernisering" og "samtidigging" av fortida. Men Dollimore viser ikkje til Boswell.

Dollimore viser heller ikkje til Adrienne Rich, Eve Kosofsky Sedgwick og, litt meir problematisk, Judith Roof eller Diana Fuss, når det gjeld valg av prosjekt og metodologi. Adrienne Rich (1979/80) skreiv det «lesbiske kontinuum» inn i tvangsheteroseksualiseringa og inn i feministisk tenking; Eve Kosofsky Sedgwick (1985) skriv inn eit kontinuum med "homososialitet, homoerotikk og homoseksualitet" gjennom engelsk manns-litteratur fram til Oscar Wilde; og Judith Roof (1991) skriv med systematisk, lesbisk kritikk inn "heterosexisme" gjennom samtidige feministiske teoriar. Dollimore formulerer eit prosjekt der han skriv "perversjon" inn som ein akse eller eit kontinuum gjennom (verds)-litteraturhistoria, men utan i det heile på noko punkt å gje noka form for kreditt til sine medsøstre i faget.

#### Perversjon i store sveip

I det skjønnlitterære prosjektet vil Dollimore lese "perversjon" frå Augustin, via, i *engelsk* litteratur, Shakespeare, Middleton og Dekker, Beaumont og Fletcher, til Oscar Wilde, D.H. Lawrence (*Lady Chatterly's lover*, 1928), Radclyffe Hall

(*The well of loneliness*, 1928) og Joe Orton (*What the butler saw*, 1969); og i amerikansk litteratur, frå Tennessee Williams, via James Baldwin (*Giovanni's room*, 1956), til Rita Mae Brown (*Rubyfruit jungle*, 1973) og John Rechy (*The sexual outlaw*, 1977); og i fransk litteratur frå André Gide (i 1895 og seinare), til Jean Genet (*Our lady of the flowers*, originalutgåve i 1943 og *Prisoner of love*, originalutgåve i 1986).

Prosjektet verkar uhandterleg. Men for Dollimore kan slike opplegg ha visse føremoner. Den første og største er at han *ikkje treng* å bli konkret og nøyaktig. Her vert det ikkje tale om nærlesing av og nærkontakt med tekstane. Her har han i utgangspunktet sikra seg overflatisk, rask og tradisjonell handsaming av tekstane. Dei vert i grunnen, slik prosjektet spreier seg ut, berre *pre*-tekstar (påskot), for produsering av andre tekstar som verkar mykje viktigare for forfattaren enn dei skjønnlitterære. For å få dette sveipet i skjønnlitteraturprosjektet i hamn, så må Dollimore finne teoriar om perversjon. Dei finn han, på den eine sida, hjå Sigmund Freud, *Three essays on the theory of sexuality* (1905 og seinare), og, på den andre sida, hjå Michel Foucault (1926-1984) i ymse bøker han gav ut. Mellom desse to, og også før Freud og etter Foucault, finn Dollimore, i tillegg, utvalgte, gode kollegaer. Dei har ikkje alle det beste tilhøve til Freud, og dei kan av og til rett og slett kategoriserast som anti-freudianarar. I dette motsetningsforholdet oppstår det også spenningar som Dollimore må streve med å handsame i dei teoretiske linjedragingane. Spenningane oppstår då i sjølve (kraft-)verket i forsøk på definering av metode for å gjere linjene til kraftlinjer i gjennomføringa av prosjekta.

### Kan me lese utan språk-(teori)?

Dollimore formulerar og omformulerar problemstillingane, teoriene og metodene sine:

Denne boka er ein freistnad på å lese kultur (...) Å lese kultur, er å lese den historiske prosessen innafor den sosiale prosessen når kompleksiteten i og grensene for begge er avklara,... (s. 24. Mi omsetting).

Dette er den praktisk-metodologiske formuleringa som seier at Dollimore vil å lese "kultur" og "historisk prosess" og "sosial prosess" gjennom eit utval av skjønnlitteratur, utan verdi i seg sjølv, og

det er også nødvendig at me brukar den attvunne historia til å lese, problematisere og modifisere teorien i seg sjølv. Med andre ord, så les historia teori på ein måte som er mogleggjort med- og som føreset- teori (25. Mi omsetting).

No vert det metodologiske svært mangfaldig og uoversynleg, og det kjem, som

me ser, av to ting: Omgrepa "historisk prosess", "historie" og "sosial prosess" er ikkje så eintydige, allmenngjeldande og universelle som Dollimore vil ha det til. For slik "historie" står her, vert det ein stor metafor som opnar for mange tolkingar. Omgrep som "prosess" og "teori" opnar seg på same tid for liknande problem og spørsmål. Og kva det vil sie å lese "teori" gjennom "historia" vert difor også vanskeleg å fatte.

I dag er dette med teori eit svært mangslunge og sensitivt felt, og i dei fleste høve vert det krevd at forkarar gjer grundig greie for alle dei teoretiske fundamenta som forskingsprosjekt bygger på. Kanhende er det slik at forskarar i postmodernismens tid står ovafor eit hav av teoriar, eit hav som alltid er det same og alltid nytt, og der ikkje alle bølgene er identiske og ikkje fører mot same strand. Der vert det då viktigare enn nokon gong med avgrensing og avklaring. Utan avgrensingar og oppklaringar vil prosjektet til Dollimore lett berre kunne skulpe i veg i uklare farvatn.

### Pervers-avvik. Per-ver-sav-vik. P-erversavvi-k

La det med ein gong vere sagt at kapitlet om "Freud's theory of sexual perversion" (ss. 169-204) er ei god utlegging av perversjons-avsnitta i *Three essays on sexuality*. Det er her Dollimore tydeleg og overtydande får fram at Freud sine formuleringar av dei seksuelle perversjonane, i skriv frå 1905 og 1915, også er med på å legge grunnlaget for sjølve dei grunnleggande formuleringane om den uproblematiske seksuelle normaliteten. Perversjonane er soleis ikkje marginale i høve til innføringa av denne normaliteten- dei er i høgste grad sentrale for den. For det andre får han tydeleg fram at dei s.k. seksuelle perversjonane fører til større nyting enn s.k. normal seksualitet. Freud meiner dette er slik fordi målet med reproduksjon ikkje er med på å verke dempane på den kreative seksuelle aktiviteten, og fordi søkinga etter nyting i dei s.k. perversjonane vert eit mål i seg sjølv. Det er også her at Dollimore uventa kjem til å sette namn på sitt eige prosjekt med eit sitat frå Freud om at "det ikkje kan seiast å vere eit brot mellom normalitet og perversjon. Det finnst eit kontinuum mellom dei to" (Mi omsetting til norsk av sitat frå Freud hjå Dollimore s.178).

Lat det også vere sagt at Dollimore får fram skilje i formuleringar mellom Freud og Foucault. Avvikaren er, hjå Foucault, ikkje skapt frå eit medfødt begjær som er sosialt fortrent. Avvik er historiske konstrukt som aktiviserar og mogleggjer makt og sosial kontroll (Dollimore s. 222). Foucault tenkjer seg maktreasjonar i samfunnet der makta finn uttrykk m.a. i at seksualitet, i ymse former, vert "funnen opp" og kategorisert, nettopp for at makta skal kunne fungere gjennom diskursive konstrukt rundt seksualiteten i kategoriseringane. Makta i kategoriseringa er allestadsnærværande utan å vere synberr på nokon einsleg stad (s. 224). Seksuelle perversjonar er (diskursivt) produserte av og i

makta si teneste. Men samstundes er det slik, hjå Foucault, at makta skriv inn si eiga motseiing som opposisjon, og denne kjem til uttrykk i eit mangfald av motstand i det Foucault kallar "reverse discourse". Det skjer når språkleg kategoriserte og språkleg plasserte utgrupper tek sjølve maktspråket i bruk i eiga teneste og vender det mot makta sjølv, kan me seie. Der finnst kimen til at heile det diskursive makt-byggverket vert ein ustabil og kompleks skapning som også ber i seg kimen til eigen undergang (s. 225). Denne *reverse discourse*-brukt av og innafor maktspråket-syner at *outsideren* i grunnen alltid allereide finnst som *insider*- innafor, ikkje utafør, makt-diskursane (s. 225).

### Original-kopi? Inn i eller ut or dei binære motseiingane?

Men her reiser Dollimore si framstilling også samtidig ei rekkje spørsmål. Først: Kan me no i dag få meir ut av perversjonsteoriane til Freud? Er ikkje dette lageret no tomt for moglege nyvinningar? Står me ikkje i fare for å reproducere, på ny og på ny, utlegningar som har vorte opp-att-tekne i snart hundre år? Maktar me å finne og å plassere oss i eit skeivt hjørne der også perspektivet på Freud kan bli undrande, spørjande og problematiserande?

Feministiske teoretikarar har, sidan Juliet Mitchell i 1974 kom med *Psychoanalysis and feminism* og fram til Judith Roof og Judith Butler og andre, i meir enn 20 år, klart nett det. Kvifor kan ikkje homoseksuelle teoretikarar og kritikarar lære av feministane og gjere det samme? Om dei ikkje kan gjere det, kvifor let me ikkje Freud få fred med perversjonane sine? (Seksuelle) perversjonar og (seksuell) normalitet er ikkje så enkle å handsame som Freud og Dollimore så gjerne vil ha det til, viser forskingsresultat i dag. Judith Butler (1993) stiller spørsmål om det i det heile finnst ein original som vert kopiert, om det finnst ein (nor)-mal. Kan det ikkje heller vere slik, spør ho, at alle (av)-vik er kopiar, at alle er travestiar, sjølv om nokre, med og i maktapparatet, gjerne vil framstillast som or-igi-nal-mal?

Det er ikkje nødvendig å ta opp att dei verste reduksjonane til meisteren. Gjer me det, kan me lett gå i baret og bli identifiserte med nokre av dei mest bakstrevarske og farlege tanke-retningane i vår tid.

Fortrenging og sublimering av s.k. (seksuelle) perversjonar har ikkje, slik som Freud seier og Dollimore gjentek, berre skapt "energy for a great number of cultural achievements" (Sitat frå Freud hjå Dollimore s. 176). Slike fortrengingar har, som me veit, også ført til store lidingar og store overgrep. Me treng ikkje lenger ta opp att og føre vidare dei store, og reduksjonistiske, binære motseiingane heller. Diana Fuss (1989) syner i *Essentially speaking* at me må trø varsamt no for ikkje å ende opp i tradisjonelle todelingar (mellom Gide og Wilde og mellom Freud og Foucault, t. d.) som framragande feministar, blant dei Fuss sjølv, har arbeidd i ti-femten års tid for å dekonstruere. Feministane har (på)-vist at den

binære modellen høyrer heime i det fallogosentriske systemet som gjer alt så såre (og ideologisk) trygt, todelt og sikkert: Normal/unormal; essensialist/konstruktivist; hetero/homo; kvinne/mann osv. Ein skal til dømes ikkje vere radikal konstruktivist svært lenge før ein kan risikere å stå fram som essensiell konstruktivist. Og då er me vel attende der me starta?

### Para-doxa?

Det vert eit underleg (og perverst?) paradoks hjå Dollimore at t.d. *English Studies*, ved Akademia i Storbritannia- landet med alle dei rare, skeive, perverse og underlege forfatarane- ikkje har vore i stand til, som akademisk tradisjon, å skape perverse teoriar og metodar for litteraturkritikk og -analyse og lesing og forståing av eigen litteratur. *English Studies* har, skriv Dollimore, tvert om vore «inkvisitorisk» (s. 69), og har drive med ein slags «perversjons-jakt» i moralens og normalitetens namn og teneste.

Skjønnlitteraturen – poesi, forteljekunst, drama o.a. – ser ut til å vere scena der perversjonanes frie spel vert agerte ut tekstleg framfor lesarar og kritikkarar som vert forførte og stimulerte (og opphissa?) – først- provoserte – etterpå- og sjokkskadde, alvorlege, "seriøse" og respektable – til sist. For dei har fått i oppgåve, av makta, å sile ut, rense og å gjere kanon spiseleg for moral og normalitet. (Retts-salen har til dømes i Noreg også vore inkvisisjons-teatret der perversjonane har vorte utrenka- t.d. i arbeida til Agnar Mykle og Jens Bjørneboe- når samfunnet har frykta at litteraturkritikken ikkje skulle klare samfunnsoppgåva si).

Akademikarar i England i vår tid, slike som Dollimore, Terry Eagleton og Paul Julian Smith, etterlyser så eksperimentelle og opne teoriar og metodar for å tale og å skrive om nytingane og lidingane i perversjonane i skjønnlitteraturen. I ei viktig fotnote (4) får Dollimore fram at Oscar Wilde som teoretikar, og ikkje berre som skjønnlitterær forfattar, låg langt framfor tida si i taling og skrivning om og for metodar som kunne tene til å fange opp mangfaldet, leiken og lysta i perversjon og paradoks og nyting gjennom eit nettverk av paradoks-ale, perverse og sjølvmotseiande formuleringar i litterær kritikk og analyse.

### Kastrasjons-angst: Angst for å skrive som feminine/som feministar?

Og Dollimore "ser" desse manglane og veikskapane i den akademiske kritikken i *English Studies* og skriv om dei, og han ser at det finnst manglar her, men når han kjem til praktiske lesingar av pervers litteratur, så er han heilt hjelpelaus. Då fell han, umedvite og normalt, attende til sjølve dei formene for normalisering og moralisering som han i si eiga bok kritiserer i tradisjonell, engelsk litteraturkritikk. Når Dollimore les dei siste tekstane til Oscar Wilde, *De Profundis* og "The Ballad of Reading Gaol", ja, så tek han opp att "essensialis-

ten" André Gide sine meiningar om dei same tekstane.

Jonathan Dollimore vågar ikkje lese *De Profundis*. Han les om *De Profundis*. Han har her eit uendeleg godt høve til å seie noko nytt om denne boka og om Oscar Wilde, til å utvikle ny teori og metode for det perverse hjå Wilde og i engelsk litteratur, og så let han sjansen glippe ved berre å ta opp att og resirkulere klisjear som alt er sagt og skrive. Når han les *The sexual outlaw* av John Rechy (1977), så mister han endå eit slikt høve til nyvurderingar og nyformuleringar. I dette siste tilfellet endar han også opp med ei rekkje tradisjonelle metodologiske grep som sitat, påstandar, parafraseringar (omskrivningar) og innhaldskommentar. Korleis kan han blindast slik i den praktiske litteraturkritikken, når han i det heile tida så gjerne vil vere vel-orientert i "per-vers" teori?

### Er det å vere seriøs det same som å ta seg sjølv høgtideleg?

For det første ser det ut til at Akademiet i Storbritannia, og *English Studies* som tradisjon held tenarane sine, medvite og umedvite, på plass. Ikkje berre er det fastlagt kva som skal seiast. Det er også i stor grad avgjort korleis det skal seiast. Så Dollimore treng plapre etter, kan det sjå ut til. Og så ser det altså ut til å vere symptomatisk hjå radikale, mannlege, britiske kritikarar å skissere dei ovannemnte, påståtte manglane i teori og kritikk. Terry Eagleton gjer det i 1983 (ss. 192 f). Han ser då at psykoanalyse er ein teori og metode som kan hjelpe folk til å fri seg frå deler av elendet og hjelpe til auka lykke. Psykoanalyse er ein teori og terapi i endringars teneste, retta mot å auke (per-vers) nyting og mot å minske lidning. Når han så, i tråd med slike tankar skal lokalisere verdi og nyting i litteraturen, så vert Eagleton like tafatt og hjelpelaus som Dollimore.

Ein grunn til dette ser ut til å ligge i at søking etter den perverse nytinga skjer "utafor", "under", eller "bak" teksta- i "verda", i "politikken", i "historia", eller i "samfunnet". Dollimore kjem med bibliografiske referansar til Roland Barthes og siterer Barthes frå *S/Z* (i fotnote nr.5 s. 174) der han skriv at «tekstualiteten kanhende gjer at all litteratur er per-vers» (mi omsetting). Men Dollimore gjer ikkje noko meir med dette. Han "skjer" referansen til Barthes "vekk" frå sjølve tekstkroppen i boka si og "syr den på", som eit vedheng, i ein fotnote nedst på s. 174.

I samband med perversitet og nyting viser Dollimore så ikkje til til, t.d. "Le mort de l'auteur" (Forfattarens død, 1968), "De l'œuvre au texte" (Frå verk til tekst, 1971), til *Le Plaisir du texte* (Nyting av/i teksta, 1973), og til *Fragments d'un discours amoureux* (Brotstykket frå ein kjærleiksdiskurs, 1976). Det Barthes m.a. gjer i desse og andre skrifter, er, i ei forlenging av Oscar Wilde sine teser, å legge grunnlaget for utradisjonelle lesingar – med perversjon og lyst og nyting (*jouissance*) i utviklinga av ein slags hedonistisk materialisme. Ved å fjerne

konstrukta rundt figuren til "forfattaren", først, og konstrukta rundt "verket", etterpå, for å fri lesinga og lesaren frå dei aller tyngste ankra i den utanomtekstlege "verda", stiller han lesaren fritt til ein type lesing som samstundes bør vere skrivning- kreativ prosess. Og lesing og skrivning er, for Barthes, produksjonsprosessar der mangfaldige meiningar vert skapte. Lesing er ikkje konsum, kopiering eller resirkulering av allereide ferdigformulert meining som forfattar har av-leira i verk. Når det ikkje lenger finnst ein forfattar (og når det ikkje lenger finnst noko verk), kva har me då å desciffrere?, spør Roland Barthes omlag 20 år før Dollimore les Wilde og Rechy på svært tradisjonelt vis. Kva gjer Dollimore?

### Frå materialistisk hedonisme til empirisk materiale

Jau, han går frå språk- og tekst-teoretikaren Barthes – frå humaniora, i fotnote nr. 5 side 174, til side opp og side ned med lengre utgreiingar om det han kallar "deviance theories" (teoriar om avvik) i tillegg til Freud og Foucault (219). Desse finn han innafor slike fagfelt som antropologi, fenomenologi, sosiologi og kriminologi. Han går til dei meir «objektive» og empiristiske forskingsfeltene og ser på teoriar derifrå i høve til teoriane til Michel Foucault.

Og kva er det då som manglar?

Då manglar (*berre*) ei grundig innføring i språkteori (om språk- teikna og språksystemet som sosial institusjon, om tilhøvet mellom språk og litteratur, tilhøva mellom språk og verd, mellom litteratur og verd, mellom subjekt og språk og språk og individ, og om subjektet i og med språket). Ei framstilling innafor/om språk og litteraturteori, i dag, som ikkje har ei eller anna slag klargjering av den lingvistiske dimensjonen og problematikken med og/ eller etter Ferdinand de Saussure, kjem skeivt ut i starten. Og i forlenginga av denne skeive starten manglar då også ei skissering av teoriar i lys av samtidige og mangfaldige problemstillingar og forskingsresultat om tekst, diskurs skrivning og lesing og meningsproduksjon. Berre med slike teoretiske avklaringar i "queer theory", kan "gay and lesbian studies" no i dag, til dømes, kunne rekne med å komme vidare i utviklinga av fruktbare diskusjonar om "camp"-fenomenet i/og utafør homoseksuell "subkultur". Dollimore sine dødstradisjonelle drøftingar av "camp" (ss. 55-58; 310-312; 315-322), utan omsyn til teoretiske nyvinningar, fører berre til ny etteraping etter og resirkulering av gamle påstandar frå Dick Hebdige (1979) og frå Tony Bennett (1979). Dei var gode og spanande framlegg då dei kom i 1979, men etterplapring no vert berre klisjemakeri.

Og så er det fullstendig mangel på grundige og seriøse vurderingar av feministiske teoriar for og i boka til Dollimore. Det er ikkje nok berre å legge inn eit lengre avsnitt om Monique Wittig (ss. 58-62). Det vert for enkelt å framstille ho som ein «essensialistisk teoretikar» når det gjeld «lesbisk identitet», men som

ein «essensialist» som likevel, av ymse årsaker, no skal omtalast positivt av Dollimore. Dollimore ser positivt på Wittigs essensialisme fordi han ser den som *"inflected and transformed by an uncompromising materialism"*. Ein slik type essensialisme, som passar for "cultural materialism", kan altså, hjå Dollimore, verte handsama som meir akseptabel enn t.d. André Gide sin essensialisme (som er borgarleg) som vert hardt kritisert. Det er morosamt, men ikkje tilstrekkeleg, med tilvisingar til Luce Irigaray (ss. 249ff) som berre vil understreke at ho er homofobisk. Men Irigaray er også noko meir enn det. Det er ikkje nok med akseptierende tilvisingar til Jane Gallop (s. 258), og med spredde tilvisingar til Juliet Mitchell (ss. 255f; 262f). Det er også lite tilfredsstillande å sjå tilvisingar til Julia Kristeva (s. 259f) der ho berre vert redusert til innhaldet i ei uttaling om homoseksuell kultur. Kristeva er ikkje/og har ikkje vore berre homofobisk. Det er ikkje godt og ikkje tilstrekkeleg å sjå Judith Butler redusert til ein kort kommentar om Julia Kristeva (s. 260).

Mange interessante, viktige og banebrytande forskingsresultat innafor feministiske teoriar vart publiserte frå, lat oss seie, 1948, og frametter på heile 1970- og 1980-talet i Frankrike, Storbritannia, USA og på andre plassar. Verdien av slik kvinne-forskning for homse- og lesbe-studiar kan i våre 90-år vanskeleg overdrivast. Hjå Dollimore opnar det seg i så måte eit bibliografisk og herme- neutisk hol midt i arbeidet og dette fråveret trugar med å sluke store deler av prosjektet og gjere det umpderne og utdatert. Fagleg alibi vert hjå Dollimore farleg strategi med tilfeldige tilvisingar til tilfeldig utvalgte feministar og feministiske teoriar. Han sikrar seg til ein viss grad mot inn-vendingar om manns-sjåvin- istiske utelatingar og forteiingar. Men desse tilfeldige tilvisningane er samtidig lekk i ein farleg fagleg strategi der utvalgte menn får særomtale.

Korleis skulle det i nittiåra i det heile vere mogleg å lese annsleis, utradisjonelt, perverst, skeivt og lystig, om ikkje feministiske teoriar, metodar og kritikkar viste vegar i ymse retningar? Ei meir vitskapleg og mangslungen innstilling enn den Dollimore vil lage, ville i dag også sjå at t.d. Irigaray, Kristeva og Cixous både har visst å lese skeivt (lesingar av Jean Genet, t.d.) og å legge teoretiske grunnlag for utradisjonelle og trugande vinklingar. Me må ikke dermed gløyme å kritisere feministar for overtramp og overgrep mot homoseksuelle menn og lesbiske kvinner. Judith Roof (1991) har slik gjort betre arbeid enn Jonathan Dollimore.

Men kva så?

Fortener Stephen Greenblatt, i motsetnad til nemnde og unemnde kvinner, verkeleg å bli framstilt som forfatar av *"pioneering study"* som i neste setning også vert sett som *"immensely rewarding contribution"* til renessansstudier (s.

"Ildefonso-gruppen" (Tvillingarna Castor och Pollux) första århundradet f. Kr., Marmor, Pradomuséet, Madrid. Bilden kommer ur Fogtdals Konstlexikon, del 13, Sven Sandström (ed.), Förlaget Sören Fogtdal, Köpenhamn, 1996, sid. 73.



285)? Fortener Franz Fanon den posisjonen han får innta i Dollmores prosjekt? Er det ingenting å kommentere eller å kritisere hjå/i desse mennene? Var ikkje Fanon (også) homofobisk?

Er ikkje Greenblatt (i alle fall) heterosexistisk? Ikkje for Dollimore, ser det ut til. For samstundes med at han har formulert og omformulert prosjektet sitt, så har han, dropevis, definert si faglege innretning og tilslutning. Og den er ikkje feministisk. Den er ikkje lingvistisk. Den er ikkje "formalistisk". Den er lagd av, for og med menn innafor ein homososial tradisjon som kan vere problematisk. Der kjem utvalget av namn som Franz Fanon, Raymond Williams, Fredric Jameson, Dick Hebdige, Alan Sinfield, Stephen Greenblatt, o.a. Desse herrane har det til felles at dei enten er gammelmarxistar eller nymarxistar som no finn faglege alibi innafor "cultural materialism", "cultural studies" og "new historicism".

Er "New Historicism" egentleg "New Traditionalism"?

I ein fotnote (nr.11 s. 62) kallar Dollimore den faglege retninga som han skriv seg inn i for "cultural materialism". Stephen Greenblatt gav ut ei bok i 1988 der han kalla ei retning innafor litteratur- og kulturstudier i USA for "New histori-

cism". I ein introduksjonsartikkel til antologien *The new historicism* (1989), skriv H. Aram Veeseer at denne retninga eller skolen, som har grodd fram sidan omlag 1980, freistar legge grunnlag for å krysse dei fag-grensene som vanlegvis skiljer historie, antropologi, etnologi, kunsthistorie, politikk, litteratur og økonomi. I slike skolar, har tradisjonen synt, vil skjønn-litteraturen lide, fordi den vert underordna, som dokumentarstoff og kjeldemateriale under dei andre disiplinane.

"*New historicism*" vert av Veeseer framstilt like mykje som ein reaksjon mot, som eit framhald med/ av marxisme. "*New historicism*" kjempar mot "tom formalisme" og dreg heller historiske synsvinklar inn i sentrum av litteraturanalysen. Retninga har, skriv Veeseer, utvikla ein metode til å beskrive kultur i aksjon. Denne referansen vekker tankar om Georg Lukács og hans skilje mellom "formalisme" og "realisme" og hans forkasting av den første typen moderne skjønnlitteratur. Det var Lukács som kom i heftig ordskifte med Bertholdt Brecht og med andre representantar for Frankfurtskolen som var talsmenn for "formalisme" i litteratur og kunst og litteraturstudiet. For "*New historicism*" gjeld det å lese om att (tekstar), og gjennom analyse av små detaljar kunne avsløre normer for åtfærd, tenking og makt som kontrollerer heile samfunn. Innretninga på analysearbeidet er å avsløre korleis kultur og samfunn verkar inn på kvarandre. Nyhistorikarane går då av og til så langt som til å "oppløse litteraturen i den historiske (samansette) veven som akademisk kritikk har halde på armlengdes avstand" (Mi omsetning). Men på same tid "tek dei vare på dei metodane og dei materiala som gav det gammeldagse litteraturstudiet dets store autoritet i tolkingsaktiviteten". Dei legg vekk idehistoria, teoriane om økonomiske stadier, lesinga av verk som nøkkelttekster og forskinga på forfattarintensjon, for å nå fram til nye måtar å studere historie på og ny innsikt om at historie og kultur gjensidig definerer kvarandre.

Kritikarane av denne typen driv ikkje med "symptomatisk lesing – slik kalla fordi den fokuserar på spor, grensetilfeller, usagte ting og andre indikasjonar på alt det som ei tekst undertrykker." Dei les ikkje som om ein, "etter Macherey, Althusser og Eagleton, kunne diagnostisere fråværa eller sjølv-forføringa 'i' ein tekst" (Mi omsetning). Desse kritikarane les heller for å finne ut korleis tekstene tilslører eller utsletter sin praktiske, sosiale funksjon, og dei dreg på "*evidence*" frå sosialhistorie, etnologi og antropologi for m.a. å "kontekstualisere Shakespeares komedier". Dette gjer dei for så å påvise at dei, som regel, framstiller ein type "kontantverdiar" i byttesystemet i samfunnet, til dømes slik "maskulinitet" kan ha sosial verdi i eit gitt samfunn i ei viss tid og så vil dei syne korleis "symbolsk kapital sirkulerer" i dette samfunnet.

Med denne korte skissa av Veeseer si framstilling av karakteristiske drag i litteraturtolkingar hjå kritikarar frå "*New historicism*" – med forkasting av symp-

tomatisk lesing, av Macherey og av Eagleton – og med forteiing av alt som heiter feministiske teoriar og kritikk – så er me atter så langt som mogleg borte frå perversjon, lyst og nyting i lese- og skrivepraksis, og så kjem me atter så nær dei tradisjonelle lese- og skrive-måtane som vel mogleg.

### Vil me (re)-sirkulere symbolsk kapital?

Jonathan Dollimore skriv seg både direkte og indirekte inn i eit forskarsamfunn av og med menn som arbeider i samfunn og historie der sirkulasjonen av "symbolsk kapital" – som han trur litteraturen reproducerer eller avspeglar – vert viktigare enn litteraturen, språket, teksten og dei kompliserte tilhøva dei har til subjektet, til individet, til historia, til verda, til livet og til naturen. "Verda", "historia" og "samfunnet", empirisk dokumenterte (som "*evidence*") gjennom sosialhistorie, etnologi, antropologi og økonomi, skal så vere middel til å "kontekstualisere" teksten og gjere den til vanskeleg, men likevel gjennomsiiktig dokument som seier mykje om «virkeligheten». Etikk vert viktigare enn estetikk. Estetikk vert underordna politikk. Teori vert underkasta aksjonisme.

Perversjon, lyst, nyting, faenskap og kjetteri har ikkje plass i arbeida til slike alvorlege menn. Dei mest utfordrande feministiske teoretikarane får ikkje plass her. Julia Kristeva, Luce Irigaray, Hélène Cixous, Adrienne Rich, Diana Fuss, Judith Butler, Judith Roof, Teresa de Lauretis, osv. osv. får ikkje plass her. Dei skeivaste av dei manlege teoretikarane – m.a. Roland Barthes, Pierre Macherey, Guy Hocquenghem, Gilles Deleuze, Félix Guattari, Leo Bersani osv. osv. – får ikkje plass her. Dei får ikkje plass hjå Dollimore, sjølv om det er desse som fører den nyvinnande, perverse, pirrande og leikande nytenkinga frå Oscar Wilde vidare inn i vår tid.

"*New historicism*" og "*cultural materialism*" gjev kvarandre handa og skaper "skole". Skoledanninga skjer ved eksklusjon. Det er i utelukking av alle slags avvik og normbrot at den akademiske normaliteten gjenoppstår her. Men alle perversjonane og avvika er, som hjå Freud, viktige og nødvendige for at «normaliteten» skal kunne konstruerast og fungere. I eksklusive og ekskluderande kritikarpraksis tek dei opp att den gesten dei kritiserer hjå Freud, og fell sjølve i den "laug-lagar-grøfta" som Veeseer anklagar andre for å lage:

Dei konvensjonelle forskarane (som) – nedgravne i skyttargraver, sjølvoppteke, oppteke av lauglojalitet, spesialiserte, i ordets verste meining – har drege seg attende til sine fagområder i ein klassisk *trahison des clercs*.

Jonathan Dollimore skriv seg inn i skolen til "*cultural materialism*" og "*New Historicism*" og viser der dei fleste teikna på problem – i teori og i praksis – som i ein viss type politisk aktivisme fører til avgrensingar og eksklusjonar. Dersom ein så spør om slik forskarverksemd er viktig for utvikling av *gay and lesbian*

*studies* og av *queer theory*, så må svaret, ut frå dømet som finnst i og med Dollimore si bok, bli eit rungande tja????!!!

#### Litteratur

- Barthes, Roland, *Image, Music, Text*. Utvalg av essays og omsetingar av Stephen Heath, London 1990.  
 – *S/Z*. Paris 1970. Omsetting til engelsk ved Richard Miller. Forord av Richard Howard, New York 1992.  
 – *Le Plaisir du texte*. Paris 1973. Omsett til engelsk av Richard Miller, *The pleasure of the text*, Oxford 1990.  
 – *Fragments d'un discours amoureux*. Paris 1977. Omsett til engelsk av Richard Howard, *A lover's discourse: Fragments*, New York 1992.
- Bennett, Tony, *Formalism and marxism*. London 1979.
- Bergman, Emilie L. og Paul Julian Smith, *Entiendes? Queer readings, hispanic writings*, Durham 1995.
- Boswell, John, *Christianity, social tolerance, and homosexuality: Gay people in western Europe from the beginning of the Christian era to the fourteenth century*, Chicago 1980.
- Butler, Judith, *Gender trouble: Feminism and the subversion of identity*, New York 1990.
- de Lauretis, Teresa., *Technologies of gender*, Bloomington 1987.
- de Saussure, Ferdinand, *Course in general linguistics*. Omsett av Wade Baskin, New York 1966.
- Dollimore, Jonathan. *Sexual dissidence. Augustine to Wilde. Freud to Foucault*. Oxford 1991.
- Eagleton, Terry. *Literary theory: An introduction*. Oxford 1983.
- Foucault, Michel. *The history of sexuality. Volume I: An introduction*. Omsett av Robert Hurley, London 1984.
- Freud, Sigmund, *On sexuality*. The Penguin Freud Library, Volume 7, London 1991.  
 – "Psychoanalytic notes upon an autobiographical case of paranoia (Dementia Paranoides)." *Three case histories*, ss 83-160. Redigert av Philip Rieff, New York 1993.
- Fuss, Diana, *Essentially speaking: Feminism, nature & difference*. New York 1989.
- Grosz, Elizabeth, *Sexual subversions: Three french feminists*, St. Leonards 1989.
- Hebdidge, Dick, *Subculture: The meaning of style*. New York 1979.
- Mitchell, Juliet, *Psychoanalysis and feminism*, Harmondsworth 1974.
- Moi, Toril, *Sexual/Textual politics: Feminist literary theory*, London 1985.
- Rechy, John, *The sexual outlaw*. New York 1977.
- Rich, Adrienne, "Compulsory heterosexuality and lesbian existence". Henry Abelove (et.al.). red. *The lesbian and gay studies reader* 227-254 New York 1993.
- Roof, Judith. *A lure of knowledge: Lesbian sexuality and theory*. New York 1991.
- Sedgwick, Eve Kosofsky, *Between men: English literature and male homosocial desire*, New York 1985.
- Silverman, Kaja, *The subject of semiotics*, Oxford 1983.
- Stanton, Domna C. (red.), *Discourses of sexuality: From Aristotle to AIDS*, Ann Arbor 1992.
- Veeser, Harold Aram (red.), *The new historicism*. New York 1989.

Birger Angvik er professor i spanskamerikansk litteratur ved Seksjon for Spansk Språk og Latinamerikastudier, Universitetet i Bergen. Han forsker og underviser i spanskamerikansk kvinnelitteratur, latinamerikansk lesbe- og homselitteratur og peruansk litteratur. I 1993 og 1994 arbeidet han med "queer theory" og "gay and lesbian studies" ved City University of New York, Columbia University og New York University. I 1998 forsket han på "queer theory" ved University of California at Berkeley. Birger Angvik har publisert artikler i Norge, Danmark, Finland, Sverige, England, Frankrike, Spania, Costa Rica, Mexico, Peru, USA og Venezuela. Han har skrevet bøkene *A novelist who feeds on social carrion: Mario Vargas Llosa*, San José: 1997; og *La Ausencia de la forma, es la forma de la crítica, que forma el canon literario peruano*, Lima: 1998. I samarbeid med Oscar Ugarteche publiserte han *India Bonita (o del amor y otras artes): Ensayos de Cultura Gay en erl Perú*, Lima: 1997.

#### Summary

This article takes *Sexual dissidence*, by Jonathan Dollimore, 1991, as its point of departure in order to discuss possible strategies in lesbian and gay studies and in queer theory in the decade of the 90' ties and on the verge of a new century. Dollimore, cultural materialism and new historicism seem to come short because they ignore linguistic theories and theories of language, psychoanalytic theories of the decentered subject, and theories of gender and sex developed at least during the last three decades by feminist theorists and researchers. This article advocates less masculinist tradition and more feminist suspicion in future developments of gay studies.